

Til styret og generalforsamlinga i
Sparebankstiftinga Hardanger

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Me har revidert Sparebankstiftinga Hardanger sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 136 216 060. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen eit rettvisebilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Me er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale uavhengigheitsstandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Anna informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for anna informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Anna informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese anna informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap me har opparbeidd under revisjonen, eller om anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Me er pålagde å rapportere om anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon. Me har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdene som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter viser me til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner me at stiftinga er forvalta og utdelinger er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Voss, 23. mars 2026

RSM Norge AS

A handwritten signature in blue ink that reads 'Harald Bjötveit'.

Harald Bjötveit

statsautorisert revisor